



- **Kva skjer på dette bildet?**

Prøv gjerne å få barna til å kome med forslag om kva jenta seier til han, og snakk om korleis ho viser med kropp og blikk at guten er utestengt.



- **Kva følelsar har guten som blir utestengt?**

Hjelp barna å legge merke til at guten er lei seg, korleis ser vi det? Andre følelsar vi kan kjenne når vi blir utestengt er t.d. redd, sinne og skam. Det er vondt å bli utestengt.

- **Kva treng guten no?**

Guten treng kanskje at den andre jenta seier at ho vil at guten også skal vere med? Eller han treng at nokon vaksne ser kva som skjer og hjelper dei? Eller han treng at nokon andre kjem og vil vere saman med han. Sjå gjerne også på det store situasjonsbildet, og snakk om kven på bildet som kan hjelpe.

- **Det kan vere mange grunnar til at barn ute stenger andre. Kva er det jenta har lyst til sidan ho ikkje vil ha med guten?**

Poenget her er at barn kan ha gode grunnar til å ute stenge andre. Det betyr ikkje at det er greitt å gjere det, men ved å identifisere behovet bak handlinga kan vi hjelpe barnet å finne andre måtar å dekke behovet på – som ikkje går ut over andre.

- **Kva kan jenta gjere i staden for å stenge guten ute?**

Kva bør vi gjere når nokon har lyst å vere saman med oss? Må vi alltid seie ja?



LIVET
& SÅNN

• Kva skjer på dette bildet?

Vi kan ikkje vite heilt kva som har skjedd før det vi ser. Kanskje var det guten som tok frå jenta leika og no luggar ho han? Det treng ikkje vere mobbing, men det kan vere det. Dersom guten berre sat og leika og så kjem jenta og luggar, då kan det vere mobbing.



• Kva følelsar har guten som blir plaga?

Hjelp barna å legge merke til at guten har det vondt, korleis ser vi det? Andre følelsar vi kan kjenne når nokon gjer oss noko vondt er redd, sinne og skam.

• Kva treng guten no?

Guten treng kanskje at nokon vaksne ser kva som skjer og hjelper dei? Kanskje trøyst, bli klappa på litt og passa på? Eller han treng at nokon andre kjem og vil leike med han så han får tenke på noko anna. Sjå gjerne også på det store situasjonsbildet, og snakk om kven på bildet som kan hjelpe.

• Det kan vere mange grunnar til at barn plager andre. Kva er det jenta har lyst til sidan ho plagar guten?

Poenget her er at barn kan ha gode grunnar til å plague andre. Det betyr ikkje at det er greitt å gjere det, men ved å identifisere behovet bak handlinga kan vi hjelpe barnet å finne andre måtar å dekke behovet på – som ikkje går ut over andre.

• Kva kan jenta gjere i staden for å plage guten?

Dersom ho gjerne vil ha leike, kva kan ho gjere då? Dersom ho er sint på guten, kva kan ho gjere då? Dersom ho har det vondt inni seg for noko anna, kva kan ho gjere då? Dersom ho kjeder seg, kva kan ho gjere då?



● Kva skjer på dette bildet?

Vi veit ikkje om dette er to som kranglar om sykkelen, eller om den eine prøver å ta frå den andre sykkelen. Dersom guten alltid tek frå jenta sykkelen er det mobbing.



● Kva følelsar har barna?

Hjelp barna å legge merke kva følelsar barna kan ha. Er dei litt sinte? Litt redde? Kva skjer med den som ikkje får ha sykkelen?

● Kva treng jenta no?

Dersom det var jenta som hadde sykkelen først, og guten som kom for å ta den frå ho, kva treng ho då? Er det nokon som kan hjelpe dei? Sjå gjerne også på det store situasjonsbildet, og snakk om kven på bildet som kan hjelpe. Korleis kan den vaksne vite kva som har skjedd/kva som blir rett?

● Det kan vere mange grunnar til at barn tek frå andre leiker. Kva er det guten har lyst til sidan han tek sykkelen?

Poenget her er at barn kan ha gode grunnar til å ta ting frå andre. Det betyr ikkje at det er greitt å gjere det, men ved å identifisere behovet bak handlinga kan vi hjelpe barnet å finne andre måtar å dekke behovet på – som ikkje går ut over andre.

● Kva kan guten gjere i staden for å ta sykkelen?

Kan han spørje om å få bli med å leike med den? Vere den som får den når jenta er ferdig med den? Eller sjå på det store bildet om det er andre ting han heller kan gjere.



● Kva skjer på dette bildet?

Guten er aleine og har ingen å leike med. Vi veit ikkje kvifor. Kanskje har nokon utestengt han? Sagt at dei ikkje vil vere saman med han?



● Kva følelsar har han?

Han ser trist og usikker ut. Er han litt redd skal tru? Er han einsam? Kva følelsar kan vi få når vi er aleine og ikkje har nokon å vere saman med?

● Kva treng guten no?

Treng han at nokon kjem og spør om han vil vere med i leiken? Sjå på det store bildet, og sjå om de kan kome på nokon der som kan invitere han med i leik. Kanskje nokre vaksne kan hjelpe? Kva kan dei gjere? Prøv gjerne å spele det som rollespel.

● Kva kan guten gjere for å få leike med nokon?

Dersom guten har blitt utestengt har han kanskje blitt redd for at ingen likar han, og dermed kjennest det vanskeleg å spørje nokon om å få bli med i leik. Då er det fint om han snakkar med ein voksen som kan hjelpe.

Dersom guten klarer det, er det fint om han går bort til nokon han synest ser snille ut, og spør «Hei! Vil de vere med å leike med ballen?» eller «Hei! Kan eg få vere med å leike?»

Sjå på den store teikninga og finn ut kven det kan vere lurt å spørje. Og prøv eventuelt å øve på korleis det kan gjerast.



● Kva skjer på dette bildet?

Dette er guten som sat på dragen, og jenta som lugga han. Og no har den vaksne frå sandkassa kome for å hjelpe. Han har sett seg ned på kne saman med dei, og viser med ansikt, stemme og kroppsspråk at han ikkje er sint på nokon av dei, men har kome for å hjelpe dei.



● Korleis kan han hjelpe dei?

Når vaksne skal hjelpe er det lurt om dei prøvar å forstå korleis barna opplevde det som skjedde, og viser at dei forstår begge to.

Den vaksne prøvar kanskje også forstå kva barna hadde lyst til då det dumme skjedde. Slik at den vaksne også prøvar å finne andre løysningar saman med barna.

For det er jo helt greitt å ha lyst til noko, helt greitt å bli sint eller få andre vondt følelsar også. Det som ikkje er greitt er å seie eller gjere noko som blir vondt eller dumt for andre.

Derfor skal vi saman prøve å finne gode måtar å ha det fint på i barnehagen, der vi kan gjere mykje av det vi har lyst til, men utan at det går ut over nokon andre.